

Alver kommune
Byggesaksavdeling
Postboks 4,
5906 Frekhaug.



Søknad om løyve til innglassing av altanar, Langheiane.

Viser til fleire mundtleg samtalar med sakshandsamar i kommunen.

Vi er tre bebuarar i Sameiet Lonshaugen som søker om løyve til å glassa inn 3 sider på den delen av altananane som har overbygg.

Alle sidene får skyvedører og kan dermed brukast som open altan. Noverande rekkverk vert ståande og glassveggene kjem på innsida av dette. Aluminiums-konstruksjonen vert i tilnerma lik farge som rekkverket. Glass type vert dimensjonert etter dei vindforhold som er i området.

Har hatt kontakt med arkitekten som teikna bygget og han har ingen innvendingar. Heller ikkje Orion som var ansvarleg utbyggjar.

Alle tre altanane er like, men kan variere litt i høgde grunna skrå tak.

Vi søker om fritak frå nabovarsel. Legg ved godkjenning i årsmøtet i Sameidet der dette var oppe.

Vedlagt teikningar frå leverandør som syner korleis det vil verta.

Dei tre søkjarane er:

Edgar Vågenes, Langheiane 41, 5914 Isdalstø. Leiligheit A 402

Olav Trygve Kristiansen, Langheiane 55, 5914 Isdalstø. Leiligheit B 301

Kjell Mjelstad, Langheiane 39, 5914 Isdalstø. Leiligheit A 401

Langheiane desember 2020


Edgar Vågenes


Olav Trygve Kristiansen


Kjell Mjelstad

Alver Kommune



På vegne av 3 bebuarar i Langheiane, Sameie Lonshaugen, Knarvik.

Kjell Mjelstad, Langheiane 39, 5914 Isdalstø

Mail: kjellmjelstad@gmail.com

Tlf. 915 32 604.